DET KONGELEGE DIGITALISERINGS- OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

# Prop. 20 S

(2026–2027)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

# Endringar i statsbudsjettet 2026 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

*Tilråding frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet 20. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.*
*(Regjeringa Støre)*

## 1 Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i statsbudsjettet for 2026 i samsvar med pkt. 2 nedanfor.

## 2 Forslag til endringar

### Programkategori 01.00 Administrasjon

### Kap. 1500 Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker i hovudsak løn, husleige og andre faste driftsutgifter i Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 310 000 kroner for å styrkje Digitaliserings- og forvaltningsdepartementets kompetanse og ressursar til å følgje opp KI-tematikk.

*Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70*

Løyvinga dekker Digitaliserings- og forvaltningsdepartementets behov for kjøp av statistikk, data, utgreiingar, evalueringar og formidling av kunnskap og gjennomføring av mellombelse tiltak og prosjekt.

Regjeringa har sett ned ei ekspertgruppe om KI og sikkerheit. Føremålet med ekspertgruppa er å vurdere korleis den raske utviklinga innan KI påverkar grunnleggande sikkerheitsinteresser slik dei er omtalte i den nasjonale sikkerheitsstrategien. Ekspertgruppa skal etter planen levere rapporten sin 1. mars 2027. Det blir foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner til arbeidet til ekspertgruppa.

Regjeringa tek sikte på å innføre ei konsesjonsordning for eksisterande og framtidige datasenter, med robuste overgangsordningar. Det skal også vurderast om andre former for regulering kan vere føremålstenlege. Det blir foreslått å auke løyvinga med 5 mill. kroner til bistand i samband med dette arbeidet.

Statsbygg forvaltar ein stor del av bygningsmassen på Svalbard. Det er eit betydeleg vedlikehaldsetterslep på bustader og bygningsmassen på Svalbard, mellom anna på grunn av klimaendringane. Det blir foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner til oppstart av ein avklaringsfase for bygging av nye statlege bustader i Longyearbyen, som skal gjennomførast av Statsbygg.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 11 mill. kroner.

*Post 71 Forskingsmidlar til Noregs forskingsråd, kan overførast*

Løyvinga dekker Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt behov for langsiktig kunnskapsoppbygging i regi av Noregs forskingsråd. Posten blir budsjettert med ei årleg tilsegnsramme med tilhøyrande tilsegnsfullmakt og løyving. Tilsegnsramma set ramma for nye forpliktingar som Forskingsrådet kan inngå i budsjettåret. Løyvinga skal dekke forventa utbetalingar av tilsegner i det gjeldande budsjettåret som Forskingsrådet har gitt i tidlegare år, og nye tilsegner som kjem til utbetaling i budsjettåret. Posten blir budsjettert med ei tilsegnsfullmakt fordi Forskingsrådet finansierer fleirårige forskingsprosjekt, og treng fullmakt frå Stortinget for å kunne forplikte staten ut over gjeldande budsjettår. Tilsegnsfullmakta viser dei utestående forpliktingane på posten, det vil seie den delen av gitte tilsegner som enno ikkje er utbetalte ved utgangen av budsjettåret.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 30 mill. kroner som følgje av oppdaterte anslag for utbetalingar i 2026. Reduksjonen skyldast ei forskyving av utbetalingar frå Forskingsrådet til mottakarane til seinare budsjettår, basert på takta i faktureringa til mottakarane. Det er fleire årsaker til reduksjonen, men ei hovudårsak er at Forskingsrådet har innført etterskotsvis fakturering basert på påkomne kostnadar framfor forskotsutbetaling basert på budsjetta til prosjekta. Effekten av dette var ikkje godt nok tatt omsyn til i dei opphavelege utbetalingsprognosane for 2026. Forskingsrådet har ingen indikasjonar på at det reduserte løyvingsbehovet i 2026 kjem av lågare forskingsaktivitet.

Ettersom reduksjonen kjem av forskyvingar av utbetalingar, blir det samstundes foreslått å auke tilsegnsfullmakta tilsvarande reduksjonen av løyvinga, slik at Forskingsrådet kan dekke utbetalingane i seinare budsjettår, jf. forslag til romartalsvedtak.

## Programkategori 01.10 Fellestenester for departementa og Statsministerens kontor

### Kap. 1510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til løn og andre driftsutgifter for Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa. I tillegg dekker løyvinga utgifter til fellestenester for departementsfellesskapet og Statsministerens kontor.

Det er høg etterspørsel frå departementa etter brukarbetalte tilleggstenester, i tillegg til høg aktivitet i prosjektet nytt regjeringskvartal, mellom anna auke i talet på bestillingar av vakthald til byggeplass og auka grad av prosjektbistand frå Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa på området teknisk sikring. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 95 mill. kroner, mot ein auke av inntektene på kap. 4510, post 02 med 63 mill. kroner og post 03 med 32 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,1 mill. kroner som følgje av overføring av vakt-, resepsjons- og sikkerheitstenester frå Statsministerens kontor.

Det blir vidare foreslått å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner som følgje av at Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa har hatt meirutgifter i samband med statsgravferda til H.M. Kong Harald V.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 441 000 kroner som følgje av overføring av ein kunstforvaltar i departementsfellesskapet frå Kunnskapsdepartementet.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 98,9 mill. kroner.

### Kap. 4510 Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

*Post 02 Diverse inntekter*

På posten blir det ført betaling for standard- og tilleggstenester til Høgsterett, Statsbygg, 22. juli senteret, Regjeringsadvokaten, Digitaliseringsorganisasjonen til departementa og driftsinntekter for Statens servicesenter i Engerdal. Inntekter frå Statsbygg er i hovudsak betaling for bidrag inn i prosjektet nytt regjeringskvartal. Storleiken på beløpet varierer med arbeidet i prosjekta.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 63 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 1510, post 01.

*Post 03 Brukarbetalingar*

På posten blir det ført brukarbetaling for tilleggstenester til departementa og Statsministerens kontor.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 32 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 1510, post 01.

### Kap. 1515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til løn og andre driftsutgifter for Digitaliseringsorganisasjonen til departementa. I tillegg dekker løyvinga utgifter til digitale fellestenester for departementa og Statsministerens kontor.

Som følgje av auka brukarbetalte inntekter frå departementa, blir det foreslått å auke løyvinga med 20 mill. kroner, mot ein auke av inntektene på kap. 4515, post 01 med 1,2 mill. kroner og post 02 med 18,8 mill. kroner.

Det blir vidare foreslått å auke løyvinga med 367 000 kroner som følgje av overføring av service- og kontorstøttetenester frå Landbruks- og matdepartementet.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 20,4 mill. kroner.

*Post 22 Større IKT-/digitaliseringsprosjekt, kan overførast*

Løyvinga dekker utgifter til store IKT- og digitaliseringsprosjekt som Digitaliseringsorganisasjonen til departementa skal utføre for departementsfellesskapet.

Arbeidet med etablering av ny felles IKT-plattform er komplekst, og har tatt lengre tid enn først antatt. Som følgje av dette har etaten eit lågare behov for gjennomføring av program for felles IKT-tenester enn disponibel løyving, og det blir foreslått å redusere løyvinga med 529 mill. kroner.

### Kap. 4515 Digitaliseringsorganisasjonen til departementa

*Post 01 Diverse inntekter*

På posten blir det ført betaling for standard- og tilleggstenester til Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa, 22. juli-senteret og Statsbygg. Storleiken på beløpet varierer med arbeidet i prosjekta.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 1515, post 01.

*Post 02 Brukarbetalingar*

På posten blir det ført brukarbetaling for tilleggstenester til departementa og Statsministerens kontor.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 18,8 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på kap. 1515, post 01.

## Programkategori 01.30 Statlege byggeprosjekt og eigedomsforvaltning

### Kap. 1530 Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga

*Post 33 Vidareføring av byggeprosjekt, kan overførast*

Løyvinga dekker midlar til vidareføring av byggeprosjekt som Stortinget tidlegare har vedtatt å starte opp. Løyvinga skal sikre best mogleg framdrift i pågåande prosjekt.

Behovet er lågare enn disponibel løyving. Årsaka er lågare sluttkostnad for Livsvitskapsbygget og noko forseinka oppstart av Kunst, medievitskapen og musikkbygget ved NTNU Campussamling. Det blir forslått å redusere løyvinga med 100 mill. kroner.

*Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga gjeld der Statsbygg får i oppdrag å prosjektere og hjelpe til med anskaffingane av brukarutstyr til byggeprosjekta. Det inkluderer òg brukarutstyr til byggeprosjekt på kap. 2445 Statsbygg. Løyvinga gjeld òg nødvendige sikringstiltak på Nationaltheatret for å sikre drift. Eit brukarutstyrsprosjekt er eit separat prosjekt med eigne økonomiske rammer, og er ikkje del av byggeprosjektet, sjølv om delar av prosjekta normalt er tett integrerte. Oppdragsdepartementet er ansvarleg for gjennomføring av brukarutstyrsprosjektet, òg i dei tilfella Statsbygg hjelper til i anskaffingane.

Behovet er lågare enn disponibel løyving. Hovudårsaka er usikkerheit og forseinkingar i brukarutstyrsprosjektet for Norsk havteknologisenter. Det blir forslått å redusere løyvinga med 200 mill. kroner.

### Kap. 1534 Erstatningslokale for departementa

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker tilbakeføringskostnader av sikringstiltak som blei oppretta i og rundt erstatningslokala for departementa.

Behovet er lågare enn disponibel løyving. Tilbakeføringa av Kongens gate 8 og 18–20 er utsett,

og leigeforholdet i Kongens gate 18–20 vil bli forlenga. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 35,6 mill. kroner.

### Kap. 2445 Statsbygg

*Post 39 Renter på byggelån, kan overførast*

Løyvinga dekker byggelånsrenter. I tråd med Statsbygg si økonomimodell blir renter på byggelån på investeringspostane 30–34 aktiverte i balansen til Statsbygg.

Behovet er lågare enn disponibel løyving. Renter på byggelån blir påverka av forventa forbruk på investeringspostane 30–34, og forventa forbruk på postane er lågare enn budsjettert. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 60 mill. kroner.

## Programkategori 01.40 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk

### Kap. 1540 Digitaliseringsdirektoratet

*Post 22 Bruk av nasjonale fellesløysingar*

Løyvinga dekker utgifter for bruk av elektronisk ID på høgt sikkerheitsnivå skrive ut av private leverandørar, og elektronisk ID med lågare sikkerheitsnivå ved sending av SMS. På vegne av offentlege verksemder har Digitaliseringsdirektoratet inngått avtale med fleire private leverandørar. Forslaget til løyving er basert på forventa volum for bruk hos verksemdene som brukar ID-porten. Løyvinga dekker òg utgifter for bruk av Digital postkasse til innbyggarar der det er inngått avtale med fleire private leverandørar, og kostnadar for innlogging til postkassene via ID-porten og kostnadar knytte til eSignering. Desse kostnadane blir dei enkelte verksemdene fakturert for, jf. kap. 4540, post 05.

Digitaliseringsdirektoratet er frå 2026 meirverdiavgiftspliktig for mellom anna bruk av fellesløysingane. Dette inneber at ein ikkje lenger vil føre tilbake kostnaden knytt til meirverdiavgift for verksemder som er utanfor den statlege nettoføringsordninga. Løyvinga blir derfor foreslått redusert med 21,7 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 4540, post 05.

*Post 29 Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, kan overførast*

Løyvinga dekker utgifter til drift og driftsrelatert applikasjonsforvalting knytt til Altinn, utgifter til private leverandørar for SMS-varsling og driftsmessige endringar som den enkelte tenesteeigar har bestilt. Utgiftene blir fakturert vidare til tenesteeigarane i samsvar med gjeldande fordelingsnøkkel i samarbeidsavtala mellom tenesteeigarane og Digitaliseringsdirektoratet. Inntektene frå tenesteeigarane blir budsjettert på kap. 4540, post 07.

Løyvinga er basert på tenesteeigarane sitt estimat for dekning av driftskostnadar. Basert på oppdaterte estimat blir løyvinga foreslått auka med 11,3 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke av inntektene på kap. 4540, post 07.

### Kap. 4540 Digitaliseringsdirektoratet

*Post 05 Bruk av nasjonale fellesløysingar*

På posten budsjetterast inntekter knytte til betaling frå offentlege verksemder for bruk av elektronisk ID på høgt sikkerheitsnivå som private leverandørar har ferda ut, og elektronisk ID med lågare sikkerheitsnivå og SMS-kostnadar. I tillegg budsjetterast inntekter frå verksemder for bruk av Digital postkasse til innbyggarar og til å logge inn til postkassene via ID-porten. Løyvinga dekker òg brukskostnadar for eSignering, sjå omtale under kap. 1540, post 22.

Løyvinga blir foreslått redusert med 21,7 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 1540, post 22.

*Post 07 Tenesteigarfinansiert drift av Altinn*

På posten budsjetterast inntekter knytte til drift og driftsrelatert applikasjonsforvaltning av Altinn og SMS-varsling. I tillegg budsjetterast inntekter knytte til driftsmessige endringar som tenesteeigarane har bestilt. Digitaliseringsdirektoratet fakturerer vidare utgiftene til tenesteeigarane etter gjeldande fordelingsnøkkel i samarbeidsavtala mellom tenesteeigarane og Digitaliseringsdirektoratet ved Altinn, sjå omtale under kap. 1540, post 29.

Løyvinga blir foreslått auka med 11,3 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke under kap. 1540, post 29.

### Kap. 1541 IT- og ekompolitikk

*Post 22 Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, kan overførast, kan nyttast under post 70*

Løyvinga på posten brukast til tiltak for å gjennomføre og utvikle IT- og ekompolitikken.

I statsbudsjettet for 2027 foreslår regjeringa å auke løyvinga til Helse- og kommuneCERT for å bidra til å styrkje den digitale sikkerheita i kommunane. Utbreiinga av KI forsterkar behovet for å styrkje og halde ved lag digital sikkerheit i kommunane gjennom å styrkje den operative bistanden til kommunane. Gjennom å styrkje Helse- og kommuneCERT ytterlegare, kan alle kommunane gjennomføre grunnleggande herding, inntrengingstestar, kartlegging, overvaking, måling, operativ støtte og andre tiltak som gjer at alle kommunane har styrkt den digitale grunnsikringa og når eit felles minimumsnivå. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 30 mill. kroner. Regjeringa vil vurdere behovet for ei vidare styrking og kome tilbake til Stortinget i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2027.

Det er òg nødvendig å styrkje den operative bistanden til statlege verksemder for å oppnå digital grunnsikring. Dei statlege verksemda kan mellom anna få bistand til måling av informasjonssikkerheit, personvern, cyberetterretning og handtering av sårbarheiter. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 10 mill. kroner.

Beredskapssenteret til Næringslivets Sikkerhetsråd (NSR) har blitt utpeikt som sektorvis responsmiljø (SRM) for privat næringsliv i bransjar underlagt Nærings- og fiskeridepartementets sektor, med unntak for maritim næring. Det blir foreslått 5 mill. kroner til NSR. Innsatsen skal rettast mot sektorar som NSM har peikt på som særleg utsette og sjåast i samanheng med eksisterande beredskapssamarbeid med næringslivet, som næringsberedskapsrådene underlagt Nærings- og fiskeridepartementet. Løyvinga blir derfor foreslått auka med 5 mill. kroner.

Samla blir det foreslått å auke løyvinga med 45 mill. kroner.

## Kap. 1542 Internasjonalt samarbeid

*Post 70 Internasjonale program*

Løyvinga gjeld EU-program som Noreg tar del i etter EØS-avtala og som er knytte til digitalisering av samfunn, næringsliv og forvaltning, og dekker programkontingentar og andre utgifter til EU-program og etterslep frå avslutta EU-program. Årleg medlemskontingent for norsk deltaking i EU-program blir fastsett i euro av EU-kommisjonen på grunnlag av forventa framdrift under det enkelte programmet. Kontingenten blir betalt samla av Utanriksdepartementet mot seinare refusjon frå dei departementa som er ansvarlege for dei enkelte programma.

Det norske bidraget til Programmet for eit digitalt Europa 2021–2027 (DIGITAL), etterslep etter det avslutta programmet CEF Digital og midlar til det europeiske nettverks- og informasjonssikkerheitsbyrået ENISA, blei i saldert budsjett for 2026 anslått til 441,4 mill. kroner. Basert på innbetalingskrav frå Utanriksdepartementet utgjer kontingentane 374,4 mill. kroner.

Løyvinga blir derfor foreslått redusert med 63 mill. kroner.

## Kap. 1543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker løn til tilsette, husleige og andre faste driftsutgifter i Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit. Løyvinga dekker òg Noreg sin kontingent for deltaking i Body of European Regulators for Electronic Communications (BEREC).

Det er behov for å flytte midlar til ombygging av lokalar, interne IT-løysingar og utvikling av analysemodell som brukast i arbeidet med regulering av marknadene til en investeringspost. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 20 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på post 45.

Kontingenten til BEREC er som følgje av endra valutakurs noko mindre enn anslått i saldert budsjett for 2026. Løyvinga blir derfor foreslått redusert med 0,2 mill. kroner.

Samla blir løyvinga foreslått redusert med 20,2 mill. kroner.

*Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga skal mellom anna dekke måleutstyr til analyse- og tilsynsverksemd på radiofrekvensområdet, vidareutvikling av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit sine IT-løysingar og -utstyr og utvikling av analysemodellar som brukast i arbeidet med reguleringa av marknadane.

Løyvinga blir foreslått auka med 20 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på post 01.

*Post 70 Telesikkerheit og -beredskap, kan overførast*

Løyvinga på posten brukast til tiltak for å styrkje beredskapsevna og gjere ekomnetta meir robuste, mellom anna på grunn av meir ekstremvêr, eit endra trusselbilete og auka avhengnad av elektronisk kommunikasjon og digitale tenester på tvers av alle sektorar.

Telenor har i dag eineansvar for å rute oppringing til nødnummer til dei ulike nødetatane sine operasjonssentralar. Nødnummertenesta hadde eit nasjonalt utfall 8. oktober 2026 etter ei hending i Telenor sitt nett. Det har òg tidlegare vore alvorlege hendingar som hadde som fellestrekk at tilgjengelegheita til nødetatane blei redusert i heile landet fordi oppringing ikkje kom fram. Nasjonale utfall i mobilnett er alvorleg og får raskt konsekvensar for samfunnet. Særleg er det alvorleg at folk i periodar ikkje kjem gjennom til nødetatane via nødnummera. Det er no mogleg og nødvendig å lage ei hasteløysing som koplar dei to andre mobiloperatørane, Telia og Lyse Tele (Ice) til plattforma til Helsetjenestens driftsorganisasjon for nødnett HF. Hasteløysinga vil bli gjennomført på ein slik måte at det er mogleg å bygge vidare på den.

Løyvinga blir derfor foreslått auka med 9,8 mill. kroner.

### Kap. 4543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit

*Post 70 Inntekter frå gjennomførde frekvensauksjonar*

Posten omfattar inntekter frå gjennomførte frekvensauksjonar.

Auksjon av 2,6 GHz- og 3,6 GHz-banda til mobilkommunikasjon og 5G blei halde av Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit i september 2021. Vinnarane i auksjonen fekk ein rabatt på til saman 560 mill. kroner i prisen som skulle betalast for frekvensane, mot utbygging av trådlaust breiband med høg hastigheit i distrikta. Dersom vinnarane i auksjonen ikkje bygde ut nok trådlaust breiband med høg hastigheit til å dekke heile rabattbeløpet, skulle rabattbeløp som ikkje blei nytta i perioden betalast til staten. Sluttrapportar ligg no føre, og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har fatta eit vedtak som inneber at ein av aktørane må betale tilbake delar av rabatten.

Løyvinga blir derfor foreslått auka med 33,8 mill. kroner.

## Programkategori 01.60 Statleg arbeidsgivarpolitikk

### Kap. 1560 Tariffavtalte avsetningar mv.

*Post 72 Pensjonskostnadar tenestemannsorganisasjonane*

Verksemder som er medlemer i Statens pensjonskasse skal betale ein aktuarielt berekna premie (arbeidsgivardel), slik det blir gjort i privat sektor. Tenestemannsorganisasjonane betaler ikkje arbeidsgivardel for tilsette som har ulønt permisjon frå statleg verksemd for å ha verv eller vere tilsett i ein slik organisasjon. I samsvar med permisjonsavtala betaler organisasjonane berre 2 pst. medlemsinnskot. For å synleggjere det årlege bidraget staten har til tenestemannsorganisasjonane på pensjonsområdet, blir desse premiekostnadane budsjetterte på ein eigen post i statsbudsjettet.

På bakgrunn av lågare premiekostnadar enn tidlegare estimert, blir det foreslått å redusere løyvinga med 14 mill. kroner.

### Kap. 1565 Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker kostnadane til Statens pensjonskasse for å administrere bustadlånordninga, jf. post 90. Hovuddelen av kostnadane blir dekt av lånekundane gjennom betaling av ulike former for gebyr, jf. kap. 4565, post 01.

Som følgje av at Statens pensjonskasse utbetalar fleire lånesøknader, og at anslaget for samla låneportefølje har auka, blir det foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

*Post 90 Utlån, overslagsløyving*

Løyvinga dekker forventa brutto utlån til bustadlån og berekna opptente, men ikkje betalte renter på låna.

Erfaringar viser at når renta i Statens pensjonskasse er gunstig samanlikna med marknaden elles, aukar talet på lånesøknader og utbetaling av lån. Talet på utbetalte lån og gjennomsnittleg utbetalte beløp har vore høgare enn tidlegare estimert. Anslaget for utbetalte lån i 2026 er auka med 2 300 mill. kroner, inkludert om lag 195 mill. kroner i berekna opptente renteinntekter. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 2 300 mill. kroner.

### Kap. 4565 Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse

*Post 01 Gebyrinntekter, lån*

Posten omfattar innbetaling av gebyr frå låntakarane i bustadlånordninga i Statens pensjonskasse i form av termingebyr, etableringsgebyr, purregebyr og liknande.

Som følgje av auka volum i bustadlånordninga i Statens pensjonskasse, jf. kap. 1565, post 90 og kap. 4565, post 90, blir det foreslått å auke løyvinga med 1 mill. kroner.

*Post 90 Tilbakebetaling av lån*

Posten omfattar ordinære og ekstraordinære avdrag, innfriingar av bustadlån, tilbakeføring av berekna opptente, men ikkje betalte renteinntekter og tilbakeføring av tap.

På bakgrunn av anslag basert på det faktiske talet på innfriingar hittil i år og forventa innfriingar resten av året, blir det foreslått å redusere løyvinga med 2 200 mill. kroner.

## Kap. 4566 Yrkesskadeforsikring

*Post 01 Premieinntekter*

Løyvinga dekker innbetaling av yrkesskadeforsikringspremie frå alle arbeidsgivarar som er omfatta av ordninga.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner som følgje av ein auke i fakturert premie i 2026.

## Kap. 4567 Gruppelivsforsikring

*Post 01 Premieinntekter*

Løyvinga omfattar innbetaling av premie for dei verksemdene som betaler gruppelivspremie direkte til Statens pensjonskasse.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 9 mill. kroner som følgje av ein auke i fakturert premie i 2026.

## Kap. 5607 Renter av bustadlånordninga i Statens pensjonskasse

*Post 80 Renter*

Løyvinga gjeld renteinntekter, og opptente, ikkje betalte renter knytte til bustadlånordninga i Statens pensjonskasse.

Renteinntektene er anslått å auke på grunn av vekst i låneporteføljen. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 458 mill. kroner.

## Andre saker

*Fullmakt til å inngå leigeforpliktingar for Kongens gate 18–20*

I statsbudsjettet for 2027 blir det foreslått å sette i gang byggetrinn 2, del II av nytt regjeringskvartal – rehabilitering av den gamle regjeringsbygningen. Med atterhald om Stortingets godkjenning av statsbudsjettet for 2027, har Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet behov for å inngå ny leigeavtale for Kongens gate 18–20 i fire år med verknad frå 1. januar 2028. Dette for å ha nok plass til alle departementstilsette som ikkje har flytta inn i nytt regjeringskvartal i perioden når den gamle regjeringsbygningen blir rehabilitert.

Husleigeutgiftene for Kongens gate 18–20 skal dekkast over kap. 1512 Diverse fellestenester, post 23 Husleige for fellesareal m.m., med midlar som allereie ligg på posten og med midlar som skal flyttast frå andre kapittel og postar. Departementa som har flytta inn i nytt regjeringskvartal skal ikkje lenger dekke husleigeutgifter over eigne driftsbudsjett, og desse midlane vil bli frigjorde.

Det blir foreslått at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet får fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over budsjettåret for å inngå ny leigeavtale for Kongens gate 18–20 i fire år med verknad frå 1. januar 2028, jf. forslag til romartalsvedtak.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2026 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

---

**Vi HAAKON,** Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

# Forslag
# til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2026 under Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

I

I statsbudsjettet 2026 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 1500 | | Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med | 310 000 |
| | | frå kr 253 143 000 til kr 253 453 000 | |
| | 21 | Særskilde driftsutgifter, *kan overførast, kan nyttast under post 70*, blir auka med | 11 000 000 |
| | | frå kr 46 452 000 til kr 57 452 000 | |
| | 71 | Forskingsmidlar til Noregs forskingsråd, *kan overførast*, blir redusert med | 30 000 000 |
| | | frå kr 95 300 000 til kr 65 300 000 | |
| 1510 | | Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med | 98 896 000 |
| | | frå kr 878 746 000 til kr 977 642 000 | |
| 1515 | | Digitaliseringsorganisasjonen til departementa: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med | 20 367 000 |
| | | frå kr 506 768 000 til kr 527 135 000 | |
| | 22 | Større IKT-/digitaliseringsprosjekt, *kan overførast*, blir redusert med | 529 000 000 |
| | | frå kr 594 747 000 til kr 65 747 000 | |
| 1530 | | Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga: | |
| | 33 | Vidareføring av byggeprosjekt, *kan overførast*, blir redusert med | 100 000 000 |
| | | frå kr 4 185 000 000 til kr 4 085 000 000 | |
| | 45 | Større utstyrskjøp og vedlikehald, *kan overførast*, blir redusert med | 200 000 000 |
| | | frå kr 1 722 000 000 til kr 1 522 000 000 | |
| 1534 | | Erstatningslokale for departementa: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir redusert med | 35 600 000 |
| | | frå kr 45 600 000 til kr 10 000 000 | |
| 1540 | | Digitaliseringsdirektoratet: | |
| | 22 | Bruk av nasjonale fellesløysingar, blir redusert med | 21 700 000 |
| | | frå kr 224 000 000 til kr 202 300 000 | |

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| | 29 | Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, *kan overførast*, blir auka med | 11 300 000 |
| | | frå kr 166 000 000 til kr 177 300 000 | |
| 1541 | | IT- og ekompolitikk: | |
| | 22 | Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, *kan overførast, kan nyttast under post 70*, blir auka med | 45 000 000 |
| | | frå kr 26 574 000 til kr 71 574 000 | |
| 1542 | | Internasjonalt samarbeid: | |
| | 70 | Internasjonale program, blir redusert med | 63 032 000 |
| | | frå kr 441 444 000 til kr 378 412 000 | |
| 1543 | | Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir redusert med | 20 159 000 |
| | | frå kr 307 757 000 til kr 287 598 000 | |
| | 45 | Større utstyrskjøp og vedlikehald, *kan overførast*, blir auka med | 20 000 000 |
| | | frå kr 21 164 000 til kr 41 164 000 | |
| | 70 | Telesikkerheit og -beredskap, *kan overførast*, blir auka med | 9 800 000 |
| | | frå kr 423 261 000 til kr 433 061 000 | |
| 1560 | | Tariffavtalte avsetningar mv.: | |
| | 72 | Pensjonskostnadar tenestemannsorganisasjonane, blir redusert med | 14 000 000 |
| | | frå kr 43 500 000 til kr 29 500 000 | |
| 1565 | | Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse: | |
| | 01 | Driftsutgifter, blir auka med | 2 000 000 |
| | | frå kr 66 000 000 til kr 68 000 000 | |
| | 90 | Utlån, *overslagsløyving*, blir auka med | 2 300 000 000 |
| | | frå kr 11 900 000 000 til kr 14 200 000 000 | |
| 2445 | | Statsbygg: | |
| | 39 | Renter på byggelån, *kan overførast*, blir redusert med | 60 000 000 |
| | | frå kr 181 000 000 til kr 121 000 000 | |

Inntekter:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 4510 | | Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa: | |
| | 02 | Diverse inntekter, blir auka med | 63 000 000 |
| | | frå kr 47 010 000 til kr 110 010 000 | |
| | 03 | Brukarbetalingar, blir auka med | 32 000 000 |
| | | frå kr 43 137 000 til kr 75 137 000 | |
| 4515 | | Digitaliseringsorganisasjonen til departementa: | |
| | 01 | Diverse inntekter, blir auka med | 1 200 000 |
| | | frå kr 7 322 000 til kr 8 522 000 | |
| | 02 | Brukarbetalingar, blir auka med | 18 800 000 |
| | | frå kr 61 544 000 til kr 80 344 000 | |
| 4540 | | Digitaliseringsdirektoratet: | |
| | 05 | Bruk av nasjonale fellesløysingar, blir redusert med | 21 700 000 |
| | | frå kr 224 000 000 til kr 202 300 000 | |
| | 07 | Tenesteeigarfinansiert drift av Altinn, blir auka med | 11 300 000 |
| | | frå kr 166 000 000 til kr 177 300 000 | |
| 4543 | | Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit: | |
| | 70 | Inntekter frå gjennomførde frekvensauksjonar, blir auka med | 33 756 000 |
| | | frå kr 583 600 000 til kr 617 356 000 | |
| 4565 | | Bustadlånordninga i Statens pensjonskasse: | |
| | 01 | Gebyrinntekter, lån, blir auka med | 1 000 000 |
| | | frå kr 51 000 000 til kr 52 000 000 | |
| | 90 | Tilbakebetaling av lån, blir redusert med | 2 200 000 000 |
| | | frå kr 18 000 000 000 til kr 15 800 000 000 | |
| 4566 | | Yrkesskadeforsikring: | |
| | 01 | Premieinntekter, blir auka med | 2 000 000 |
| | | frå kr 97 000 000 til kr 99 000 000 | |
| 4567 | | Gruppelivsforsikring: | |
| | 01 | Premieinntekter, blir auka med | 9 000 000 |
| | | frå kr 144 000 000 til kr 153 000 000 | |
| 5607 | | Renter av bustadlånordninga i Statens pensjonskasse: | |
| | 80 | Renter, blir auka med | 458 000 000 |
| | | frå kr 3 400 000 000 til kr 3 858 000 000 | |

II

Tilsegnsfullmakt

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 kan gi tilsegn om tilskot ut over gitt løyving, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

| Kap. | Post | Nemning | Samla ramme |
|---|---|---|---|
| 1500 | | Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet | |
| | 71 | Forskingsmidlar til Noregs forskingsråd | 320,2 mill. kroner |

III

Fullmakt til å inngå leigeforpliktingar for Kongens gate 18–20

Stortinget samtykker i at Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet i 2026 over kap. 1512 Diverse fellestenester, Post 23 Husleige for fellesareal m.m., kan pådra staten forpliktingar ut over budsjettåret for inngåing av leigeavtale for Kongens gate 18–20 i fire år med verknad frå 1. januar 2028 i samband med rehabilitering av den gamle regjeringsbygningen innanfor ei samla ramme på 250 mill. kroner (2026-kroner).

Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon
Trykksak 2041 0446